

# Utviklingsplan 2023-2024

## Orre skule



## Innleiing

Skuleåret 2020-2021 arbeidde skulen med nye satsingsområde og med å laga ein ny pedagogisk plattform. Skulen ynskjer å ta elevane ut i bygda og bygda inn i skulen. Ved å trekke nærmiljøet inn i opplæringa, ynskjer skulen å lage undervisninga meir praktisk, inkluderande og relevant for elevane våre. Å kjenne bygda si handlar også om identitet og historisk medvit. Å kjenne seg sjølv, staden og kulturen ein kjem i frå er viktig for å skape medvitne borgarar som kan vere med å føre kulturarven vidare til komande generasjonar. Bygda vil også i framtida trenge sterke stemmer som tar kloke, berekraftige val og bidreg til at Orre og i framtida er ein god stad å vokse opp.

Skuleåret blir eit byggjeår. 79-bygget skal rehabiliterast og byggjast om for å passe til ein barneskule på 2020-talet. Det vil alltid vere innhaldet i skulen som definerer kva som er skulen, og ikkje dei fysiske omgjevnadene. Dei fysiske omgjevnadene er likevel viktige rammefaktorar ein må ta omsyn til når ein skal drive skule. I det nye bygget ynskjer skulen å lage ein skaparverkstad, der dei tradisjonelle handverksfaga blir foreint med teknologi og programmering. *Sirkulær økonomi* er eit omgrep som forklarar prinsippet om at ein verksemd tar vare på «verdien av produkter, materialer og ressursar så lenge som mulig ved å utnytte og gjenbruke ressursene meir effektivt»<sup>1</sup> I skaparverkstaden vil elevane lære å skape nye produkt av restmateriale og øydelagde ting. Ved å sette dette i ein større samanheng, er målet å leggje til rette for at elevane i framtida vil vere i stand til å ta kloke, berekraftige val på vegne av seg sjølv og komande generasjonar.

Førre års utviklingsområde var *Grunnleggjande ferdigheiter og inkluderande, praktisk og variert undervisning*. Skulen har dette året arbeidd fram nye utviklingsområde for skulen: Den engasjerte eleven og Læreplanforståing

Skulen har evaluert tiltaka frå førre utviklingsplan gjennom skuleåret. Det har vore nødvendig å justere tiltak undervegs. Nokre av tiltaka har ein ikkje fått gjennomført. Prosessane rundt evalueringa har vore konstruktive. Det er nyttig og motiverande å stoppe opp og sjå at organisasjonen utviklar seg, og at organisasjonen i lag utviklar ny kunnskap. Det er samtidig nødvendig å reflektere over kvifor ein ikkje ser same utviklinga på alle område.

---




<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/klimatema/forurensning/sirkular-okonomi/hva-er-sirkular-okonomi/id2701032/>

































Skuleåret 2022-2023 har dei tilsette gjennomført Ståstadsanalysen. Ut i frå denne har ein i lag kome fram til kva som er skulen sine styrkar og kva ein må arbeide meir med. Det er resultatet av dette som har ført til dei nye utviklingsområda.












Det er viktig at elevane har moglegheit til reell innflytelse på eigen skulekvardag. På Orre involverer me elevane i analysearbeid kring elevundersøkinga. I fellesskap kjem me fram til tiltak. Desse tiltaka kan ein sjå igjen i denne planen.






## Ståstadsanalysen våren 2023

### Korleis er praksisen på skulen?

	Grøn: Skolen sin praksis er tilfredsstillande
	Gul: Skolen sin praksis må bli betre
	Raud: Skolen sin praksis må endrast - tiltak er nødvendig

1. På skulen vår trivst elevane både fagleg og sosialt.	 75%	 25%	 0%	
2. På skulen vår legg vi til rette for at alle elevane skal oppleve meistring.	 81,2%	 18,8%	 0%	
3. På skulen vår arbeider vi systematisk med å utvikle positive relasjonar mellom elevane.	 93,8%	 6,2%	 0%	
4. Lærarane på skulen vår har ein positiv relasjon til kvar enkelt elev.	 93,8%	 6,2%	 0%	
5. På skulen vår meiner lærarane at dei er viktige for at elevane skal trivast og lære.	 100%	 0%	 0%	
6. Elevar som har svak fagleg progresjon, får tilpassa opplæring som motiverer, engasjerer og opnar for nye måtar å lære på.	 56,2%	 43,8%	 0%	
7. Opplæringa på skulen vår oppmuntrar til engasjement og utforskartrong.	 62,5%	 37,5%	 0%	
8. På skulen vår får elevane godt grunngitte tilbakemeldingar om korleis dei ligg an med tanke på kompetansemåla.	 56,2%	 43,8%	 0%	

9. På skulen vår reflekterer elevane over eiga læring.	56,2%	43,8%	0%	
10. Opplæringa på skulen vår bidreg til at elevane utviklar kritisk tenking.	68,8%	31,2%	0%	
11. Elevane på skulen vår kan vege ulike omsyn opp mot kvarandre og gjere etiske vurderingar.	68,8%	31,2%	0%	
12. På skulen vår utviklar elevane god dømmekraft i digitale omgivnader.	43,8%	43,8%	12,4%	
13. På skulen vår lærer elevane å løyse konflikhtar på ein konstruktiv måte.	81,2%	18,8%	0%	
14. Elevane våre lærer å samarbeide.	100%	0%	0%	
15. På skulen vår bidreg vi til den sosiale læringa og utviklinga til elevane gjennom arbeid med faga.	93,8%	6,2%	0%	
16. På skulen vår er elevane aktivt med i demokratiske prosessar.	81,2%	18,8%	0%	
17. Lærarane på skulen vår har høge forventingar til alle elevane.	75%	25%	0%	
18. På skulen vår har lærarane god forståing av leiarrolla dei har overfor elevane.	100%	0%	0%	
19. På skulen vår tek alle del i eit profesjonsfellesskap.	73,3%	26,7%	0%	

20. Vi har eit felles verdigrunnlag som utgangspunkt for opplæringa.	93,3%	6,7%	0%	
21. Skuleleiinga er godt orientert om det daglege arbeidet som blir utført ved skulen.	93,3%	6,7%	0%	
22. På skulen vår har vi saman reflektert over kva djupnelæring og kompetanseomgrepet inneber for praksisen vår.	80%	20%	0%	
23. På skulen vår er det samanheng mellom kompetansemåla i læreplanane for faga og val av arbeidsmåtar og vurderingsformer.	73,3%	26,7%	0%	
24. Læringskulturen på skulen gir lærarane og elevane rom for å prøve og feile.	100%	0%	0%	

25. På skulen våre satsar vi på entreprenørskap og innovasjon.	23,1%	69,2%	7,7%	
26. På skulen vår samarbeider vi om å prøve ut ny og kunnskapsbasert praksis.	50%	50%	0%	
27. Skulen gjennomfører jamleg skulebasert vurdering og drøftar om opplæringa er i tråd med læreplanverket.	71,4%	28,6%	0%	
28. På skulen vår følgjer vi systematisk opp resultatata frå nasjonale prøvar og Elevundersøkinga.	93,8%	6,2%	0%	
29. På skulen vår arbeider vi systematisk med å forbetre læringsmiljøet og læringsresultata.	100%	0%	0%	
30. Skulen har gode rutinar for samarbeid med dei tillitsvalde.	86,7%	13,3%	0%	
31. Skulen legg til rette for eit godt skuleheim-samarbeid og meiner at foreldra er ein ressurs.	100%	0%	0%	
32. På skulen vår har vi eit system for å følgje opp elevar med høgt fråvær.	92,9%	7,1%	0%	
33. Skulen har rutinar for gode overgangar i utdanningsløpet.	92,9%	7,1%	0%	
34. På skulen vår har vi gode rutinar, både for den daglege drifta og for uføresette hendingar.	93,8%	6,2%	0%	

## Oppsummering ståstadsanalysen

Analysen syner at det er fleire område skulen opplever at ein får godt til. Dette samsvarar også med resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga. Det er likevel område der skulen opplev at skulen ikkje får det godt til. Desse områda ønsker ein å ha fokus på dei neste åra, og me må gjera eit utval av kva ein skal prioritera det første året.

Skulen ser at ein må arbeide meir systematisk med digital kompetanse, både hos elevar og lærarar. Ein må også arbeide meir med ferdigheiter i engelsk. Ein ser også at det er svak skår på entreprenørskap og innovasjon. Ein har også svak skår på område som engasjement og utforskartrong, gode tilbakemeldingar, refleksjon kring eiga læring og samarbeid om å prøve ut ny og kunnskapsbasert praksis.

## Elevstemmen

På Orre skule arbeider ein med elevundersøkinga i lag. Elevane, i lag med lærarane og foreldre, kjem fram til område ein vil ha fokus på neste skuleår, og kva ein skal gjere i lag for at skulen skal bli enda betre for elevane. Det er ikkje alltid slik at elevane vel område der skulen har svak skår, det skjer også at elevane vel ut område der skulen har høg skår, men elevane syns det er så viktig at ein likevel vil arbeide for at det framleis skal vere like bra eller betre. Motivasjon er eit slikt døme. Skulen skårar over landssnittet på motivasjon, men elevane syns dette er så viktig at ein vil halde fram med

motivasjon som fokusområde. Det andre området elevane vil ha fokus på neste skuleår, er trygt og godt skulemiljø.

### Oppsummering mål

Lærarane har analysert resultatane frå ståstadsundersøkinga i lag, og har kome fram til desse utviklingsområda for dei neste skuleåra:

*Den engasjerte eleven og læreplanforståing.* Ein vil arbeide med *digital kompetanse og ferdigheiter i engelsk* under hovudområda. Over hovudområda, ein føresetnad for å få dette til, er profesjonelle læringsfellesskap og trygt og godt skulemiljø. Elevane ønsker at ein skal ha fokus på motivasjon og trygt og godt skulemiljø.

På Orre skule har ein valt ut Engelsk som hovudmål for skuleåret 2023/2024. Målet er at alle elevar skal ha fagleg progresjon i engelsk. Mål for fagleg progresjon er talfesta i tabellen under. Dette målet skal ein nå gjennom systematisk arbeid med læreplanforståing, digital kompetanse og elevengasjement. Arbeid i profesjonsfellesskapet og eit trygt og godt skulemiljø er ein føresetnad for å lukkas med dette.

Profesjonsfellesskap		
<b>Den engasjerte elev</b>	<b>Engelsk</b>	
	<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>
	Framgang på 0,3 i engelsk på nasjonale prøvar 5.trinn hausten 2024	Ei engelsk leselekse i veka 3.-7.trinn. Engelsk litteratur tilgjengeleg til lesekvart.
	Framgang på 0,3 i engelsk på nasjonale prøvar 8.trinn hausten 2024	Readers theater to periodar i året.
	Fagleg progresjon for alle elevar i engelsk på kartlegging frå haust 2023 til haust 2024	AskiRaski-kartlegging og oppfølging i engelsk på alle trinn.
	Elevane opplever at det er trygt å snakke engelsk i klasserommet	Læraren snakkar engelsk i timen. Omsett ved behov. Stasjonsundervisning, smågrupper
	Elevane er motiverte for å lære engelsk	Læraren planlegg undervisning kor elevane får vera munnlege. Lærarane planlegg for dei få, tilpassar til dei mange
Elevane opplever meistring i engelsk	Læraren omsett og nyttar visuell støtte i undervisninga.	
Lærarane bruker læreplanen aktivt i si daglege planlegging Omgrepa kompetanse, kunnskap og ferdigheiter er implementert.	Felles kompetanseheving på plandagar og PU. Lærarane nyttar læreplanen som utg.pkt når ein lagar periodeplanar for engelskfaget.	
Elevane opplever ein raud tråd i opplæringa si, frå 1. til 7.trinn.	Lærarane utviklar progresjonsplan for engelskfaget, med utg.pkt i overordna del og kompetansemåla i læreplanen.	
		<b>Læreplanforståing</b>



<p>Tydelege planar for kor elevane skal i si læring i engelsk</p> <p>Elevane er aktivt med og vurderer eige arbeid og progresjon i engelsk.</p> <p>Elevane opplever at dei får tilbakemeldingar som gjer at dei kan bli betre i faga</p>	<p>Felles faggrupper i engelsk i trinntid ein gong i månaden</p> <p>Overvake elevane si læring; ta i bruk Aski Raski i engelsk, systematikk i arbeidet med å analysere resultat etter NP felles arbeid med gode tiltak med særskild fokus på engelsk</p> <p>Lærarane gir elevane klare mål for kva ein øver på.</p> <p>Elevaktivitet og elevvurdering er ein del av planleggingsverktøyet lærarane nyttar</p> <p>Lærarane gjer konkrete tilbakemeldingar om kva eleven har fått til (positive tilbakemeldingar)</p> <p>Lærarane gjer konkrete framovermeldingar om korleis elevane kan få framgang i læringa si</p>
<p>Elevane er aktivt med og planleggar undervisninga i engelsk.</p>	<p>I forkant av nytt tema, involverer læraren elevane i planlegginga. «Kva fungerer godt, kva treng me å øva meir på?»</p>
<p>Elevane opplever undervisning prega av samarbeid, problemløysing og utforsking.</p>	<p>Lærar er katalysatoren som sett elevane i gang. Elevane skal vera aktive i timane.</p>
<p><b>Trygt og godt skulemiljø og motivasjon</b></p>	

**Ressursar, felles kompetanseheving for dei vaksne:**

- Støtte til læreplanverket, Fagfornyelsesteamet i Stavanger: kompetanse og Planlegging for mellomlange løp
- Felles arbeid med temaplanar og planer for mellomlange løp på plandagar og PU-tid
- Prøve ut Kartleggeren hausten 2023 for å vurdere innkjøp
- Felles skolering i AskiRaski på engelsk
- Lesekvart på engelsk, engelske rutinar i klasserommet
- Systematisk bruk av showbie
- Felles temaplanar, med progresjon frå 1. til 7.trinn. Temaplan i engelsk
- Utarbeide progresjonsplan i engelsk
- Finne sosiale aktivitetar og avbrekk i fellesskap, lage ein bank med dette (oppstartsaktivitetar, songar, leiker)

